



Kommunen og Fylkesmannen

Postadresse: Postboks 8140 Dep.  
NO-0033 Oslo, Norway  
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00  
Telefaks: +47 24 13 10 05  
E-post: [postmottak@slf.dep.no](mailto:postmottak@slf.dep.no)  
Internett: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

Kontaktperson:

Vår dato: 06.02.2013

Vår referanse: 201300001-13/046.1

Rundskrivet erstatter:

Vedlegg:

Kopi til: Landbruks- og matdepartementet

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA

Bankkonto: 7694 05 02280

## Utbetaling av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. august 2012

Hovudutbetaling av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. august 2012, skjer onsdag 6. februar. Søkjarane vil normalt ha pengane på konto innan fredag 8. februar. Statens landbruksforvaltning (SLF) vil òg informere om utbetalinga på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no).

Dette rundskrivet handlar om både hovudutbetalinga og korleis handsame manuelle utbetalingar, sjå også rundskriv 19/12.

Utbetalinga med søknadsfrist 20. august gjeld desse tilskota:

- arealtilskot
- kulturlandskapstilskot
- omleggingstilskot til økologisk landbruk
- arealtilskot til økologisk landbruk
- tilskot til dyr på utmarksbeite
- tilskot til dyr på beite
- tilskot til husdyr
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot til føretak som deltek i tiltaket «Friskare geiter» vert utbetalt til om lag same tid.

## Innhald

1.	Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga .....	2
2.	Søknader som er avslått og avvist.....	3
2.1.	Søknader med feilmelding 635 og 636 .....	3
2.2.	Søknader med feilmelding 650 .....	3
2.3.	Søknader med feilmelding 637 og 639 .....	3
3.	Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen .....	4
4.	Vedtak og utbetaling etter sentral utbetaling .....	4
4.1.	Fagsystem for manuelle utbetalningar .....	4
4.2.	Hjelpeutrekning.....	4
4.3.	Utbetaling søknader etter sentral utbetling .....	5
4.4.	Kontroll av manuelle utbetalningar.....	5
5.	Satsar og utrekningsreglar.....	5
5.1.	Tilskot til husdyr .....	5
5.2.	Tilskot til dyr på beite .....	6
5.3.	Driftstilskot til mjølkeproduksjon.....	7
5.4.	Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon.....	7
5.5.	Areal- og kulturlandskapstilskot .....	8
5.6.	Tilskot til økologisk landbruk .....	9
5.7.	Kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i «Friskare Geiter».....	10
5.8.	Rappotar i samband med utbetalinga .....	10
6.	Botnfrådrag og reduksjonar i tilskot .....	10
6.1.	Botnfrådrag .....	10
6.2.	Manglande eller mangelfull miljøplan.....	10
6.3.	For seint levert søknad .....	11
6.4.	Pilotprosjektet for bruk av Husdyrregisteret ved utmåling av tilskot .....	11
7.	Trekk i utbetalningar.....	11
8.	Handsaming av søknad frå føretak som også har søkt om tilskot til regionalt miljøprogram .....	11

### 1. Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga

Alle søkjarar, som har gyldig søknad, får ca 6. februar eit sentralt produsert brev. Søkjaren vil normalt ha pengane på konto innan fredag 8. februar.

Tilskotsbrev vert sende til adressa som føretaket/bedrifta har registrert i Einingsregisteret.

Det sentralt produserte brevet informerer om:

- kommunen sitt vedtak, og syner grunnlaget for utrekning av tilskotet, satsar og utbetalt beløp (tilskotsbrev)
- at søknaden enno ikkje er ferdig handsama.

Tekstane i tilskotsbrevet for dei søknadane som er avslått, avvist eller stoppa av andre årsaker i den sentrale utbetalinga, er nærare forklart i kapittel 2. Kommunen finn kopi av tilskotsbrev via WESPA, i rapport PT-2230. Sjå òg lista PT-5040, som syner utbetalt beløp.

Pengane vert overført til den kontoen som er oppgitt i søknaden, eller til ny konto viss forvaltninga har fått melding om dette. Har søkjaren endra konto etter at søknaden vart sendt inn, men ikkje gjeve melding til forvaltninga, vil tilskotet bli utbetalt til kontoen som er ført opp på søknaden. Bankane handsamar dette på ulike måtar. I nokre tilhøve overfører banken beløpet til kunden sitt nye

kontonummer, og i andre tilfelle returnerer banken beløpet til SLF. SLF kan ikkje betale ut tilskotet på nytt før beløpet er returnert til SLF og søkjar har gjeve **skriftleg** melding om nytt kontonummer. Be søkjarane bruke skjema for endring av kontonummer (SLF-056). Skjemaet finn dei under skjema på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no).

## 2. Søknader som er avslått og avvist

Feilmeldingane som er omtalt i dette kapittelet tilsvarar feilmeldingane frå lista PT-1003.

### 2.1. Søknader med feilmelding 635 og 636

635 *Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*

636 *Søknaden er avslått, foretaket ikke i MVA-registeret innen søknadsfristen*

Søknader med kode 635 og 636 vert avslegne direkte. Føretaka fyller ikkje grunnvilkåra i § 3 i forskrifta om å vere føretak innan søknadsfristen og vere registrert i Meirverdiavgiftsregisteret innan søknadsfristen, eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen. Søkjarane får eit vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot

Søknad frå føretak som ikkje var oppretta innan søknadsfristen får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet: *”Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

Søknad frå føretak som ikkje var registrert i Meirverdiavgiftsregisteret innan søknadsfristen, eller som ikkje har hatt samla omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av dei siste 12 månader før registreringsdato, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert som meirverdiavgiftspliktig innan Søknadsfristen 20. august, eller har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av perioden 01.07.2011 - 30.06.2012, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

### 2.2. Søknader med feilmelding 650

*650 Mottatt dato er etter 20.09.*

Søknader med kode 650 vert avvist direkte, og søkjarane får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet: *” Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. september eller seinare. Det er ikkje innvilga dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 9 og 10.”*

### 2.3. Søknader med feilmelding 637 og 639

*637 Søknaden avslått av kommunen*

*639 Søknaden avvist av kommunen*

Søknader med kode 637 og 639 får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag, dersom dette ikkje allereie er gjort.

### 3. Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må kommunen vurdere nærare. Kommunen kan så fatte vedtak, og eventuell utbetaling kan skje. Lista PT-1003 syner dei søkjarane dette gjeld og kva som er årsaka til at dei er stoppa. Dette gjeld søknader med meldingane:

- 607 Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema
- 608 Kontrollskjema er ikke registrert
- 609 Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet
- 610 Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet
- 621 Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse
- 645 Søknaden stoppet av fylkesmannen
- 646 Pålagt kontroll er ikke utført

Desse søkjarane får tilsendt eit brev samtidig med at hovudutbetalinga går. Brevet varslar om at det er høve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

*”Søknaden om produksjonstilskot pr. 31.07.12 er motteken av kommunen, men sakshandsaminga er ikkje avslutta grunna omstende som må undersøkjast nærare. Vedtak i saka vil bli sendt så snart søknaden er ferdig handsama.”*

Kommunen må vurdere slike søknader med grunnlag i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket og situasjonen på registreringsdatoen 31. juli 2012.

### 4. Vedtak og utbetaling etter sentral utbetaling

I samband med handsaming av søknader, klage på vedtak og manuelle utbetalingar, syner SLF til forskrift om produksjonstilskot i jordbruket og rettleiing i rundskriv 22/2012, 23/2012, og 08/2012. Disse er tilgjengelig på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no). For handsamingsrutinar for manuelle saker syner vi spesielt til rundskriv 23/2012.

Du finn satsar og reglar for å rekne ut tilskotet ved manuelle utbetalingar i kapittel 5.

#### 4.1. Fagsystem for manuelle utbetalingar

Fagsystemet for å handsame manuelle utbetalingar vert etter planen tilgjengeleg for Fylkesmannen i veke 7. SLF vil sende meir informasjon om dette i e-post til Fylkesmannen.

#### 4.2. Hjelpetrekning

For å hjelpe arbeidet med å rekne ut korrekt tilskotsbeløp for produksjonstilskot, tilbyr SLF hjelpetrekning. På grunnlag av registrerte opplysningar vert det rekna ut brutto tilskot, oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga vert presentert for Fylkesmannen i tilskotsbrevrapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891, som blir presentert i ROB, og er tilgjengelige via WESPA. Fylkesmannen kan deretter nytte desse for å registrere beløp til utbetaling.

For at data skal kome med i hjelpetrekningane, må registreringa vere avslutta innan dei tidspunkta som er vist i tabell 1. Hjelpetrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultatata vil normalt vere

klare dagen etter.

**Tabell 1. Tidsplan hjelpeutrekning**

<b>Frist for registrering</b>	<b>Resultat klart</b>
Tysdag 12.02. kl 16.00	Torsdag 14.02.
Måndag 18.02. kl 12.00	Tysdag 19.02.
Måndag 25.02. kl 12.00	Tysdag 26.02.
Måndag 04.03. kl 12.00	Tysdag 05.03.
Måndag 11.03. kl 12.00	Tysdag 12.03.
Måndag 18.03. kl 12.00	Tysdag 19.03.
Måndag 25.03. kl 12.00	Tysdag 26.03.

### **4.3. Utbetaling søknader etter sentral utbetaling**

Utbetalingane vert gjennomført med grunnlag i fylka sine registreringar. SLF hentar ajourhaldsdata **måndag 9. april**. Alle manuelle utbetalingar bør vere gjennomført innan denne dato. Data registrert etter denne dato vert ikkje overført til SLF. Merk at data frå søknader som ikkje er ferdig handsama av Fylkesmannen før 9. april ikkje vert tilgjengelege i LIB.

### **4.4. Kontroll av manuelle utbetalingar**

I første halvdel av mai vert dei manuelle utbetalingane kontrollert maskinelt. Resultatet av kontrollen får kommunen i listene PT-1201 og PT-895D. Det er viktig at kommunen går gjennom listene og gjer vedtak om tilbakebetaling om det er utbetalt for mykje tilskot.

## **5. Satsar og utrekningsreglar**

For hovudutbetalinga 6. februar er dei gjeldande satsane og utrekningsreglane nytta i maskinell utrekning for den enkelte søknad. For dei manuelle sakene skal dei same satsane og utrekningsreglane leggjast til grunn. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett satsane for utbetaling av tilskot for søknadsomgangen 20. august 2012.

For alle ordningane er endeleg sats lik dei førebelse satsane i jordbruksavtalen, sjå òg rettleingsheftet om produksjonstilskot i jordbruket ved søknadsomgangane 20. august 2012 og 20. januar 2013. Merk at alle satsar er fastsett i heile kroner.

### **5.1. Tilskot til husdyr**

Etter jordbruksavtala 2012-2013 er det største årlege beløpet for tilskot til husdyr for kvart føretak 280 000 kroner. Dette gjeld alle føretak, også samdrifter i mjølkeproduksjon. Ved søknad pr. 1. januar 2013 vert tilskotet avgrensa slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2012 og januaromgangen 2013 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje skal reknast inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For ein del føretak må ammekyr vere av minst 50% kjøttferase før det kan bli gjeve tilskot som ammeku. Dette gjeld føretak:

- som driv både kumjølksproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- der eigar/medeigar av føretaket også er deltakar i samdrift i kumjølksproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigedom som er eigd heilt eller dels av deltakar i samdrift med kumjølksproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigedom der anna føretak driv produksjon av kumjølks

Kva raser som er godkjende som kjøttferase går fram av rundskriv 22/12 kapittel 7.8. Sjå òg rettleiingsheftet, kapittel 3.9.2.

**Tabell 2. Tilskot til husdyr**

Dyreslag	Intervall	Sats i kr/dyr <sup>1</sup>
<i>Mjølkeku</i>	1-16	2014
	17-25	1036
	26-50	430
<i>Ammeku</i>	1-25	2040
	26-50	1085
	51+	250
<i>Storfe</i>	1-250	400
<i>Mjølkegeit og mjølkesau</i> <sup>2</sup>	1-125	700
	126-250	256
<i>Avlsgris</i>		
- <i>Sør-Noreg</i> <sup>3</sup>	1-35	382
- <i>Jæren</i> <sup>4</sup>	1-35	307
- <i>Nord-Noreg</i>	1-35	526
<i>Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser</i>		
- <i>Sør-Noreg</i>	1-1 000	5
- <i>Nord-Noreg</i>	1-1 000	12
- <i>landet</i>	1 001-5 000	5
<i>Bikuber</i> <sup>5</sup>	1-250	350

## 5.2. Tilskot til dyr på beite

Tilskot til dyr på beite kan berre bli gjeve for dei dyra føretaket disponerte 31. juli.

<sup>1</sup> Satsen er 0 kr/dyr utafør dei intervalla som er med i tabellen

<sup>2</sup> Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka vert nytta som råstoff ved lokal foredling

<sup>3</sup> Unnateke Jæren, sjå fotnote 4.

<sup>4</sup> Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

<sup>5</sup> For å ha rett på tilskot må føretaket ha eit driftsømgang på minst 25 kuber.

**Tabell 3. Beitetilskot**

Dyreslag	Intervall	Sone	Min. tal veker på beite	Sats per dyr
<i>Kyr, storfe, hjort, hest og lama</i>	Alle dyr	1-4	16	432
<i>Kyr, storfe, hjort, hest og lama</i>	Alle dyr	5-7	12	432
<i>Sau, lam, geit, kje og alpakka</i>	Alle dyr	1-4	16	60
<i>Sau, lam, geit, kje og alpakka</i>	Alle dyr	5-7	12	60

**Tabell 4. Utmarksbeitetilskot**

Dyreslag	Intervall	Sone	Min. tal veker på beite	Sats per dyr
<i>Kyr, storfe, hestar</i>	Alle dyr	Alle	5	375
<i>Sauer, lam, geiter og kje</i>	Alle dyr	Alle	5	129

### 5.3. Driftstilskot til mjølkeproduksjon

**Tabell 5 Driftstilskot til kumjølkeproduksjon**

	> 5 kyr	4 kyr	3 kyr	2 kyr	1 ku
<i>Kumjølk, Jæren<sup>6</sup></i>	54 500	43 600	32 700	21 800	10 900
<i>Kumjølk, rest Sør-Noreg</i>	58 000	46 400	34 800	23 200	11 600
<i>Kumjølk, Nord-Noreg</i>	61 000	48 800	36 600	24 400	12 200

**Tabell 6. Driftstilskot til geitmjølkeproduksjon**

	Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak	Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit
<i>Geitmjølk</i>	61 000	2 259

For føretak som driv produksjon av både geitemjølke og kumjølke, skal driftstilskotet utreknes på den måten som er best for søkjaren. Til dømes vil eit føretak som har 40 mjølkegeiter og 15 mjølkekyr få driftstilskot til mjølkeproduksjon etter satsen som gjeld for produksjon av geitemjølke. Eit føretak i Sør-Noreg som har 14 mjølkegeiter og 3 mjølkekyr vil få 59 559 kr i driftstilskot til mjølkeproduksjon ( $61\,000 - 2\,259 \times 13 + 58\,000 \times 13/27 = 59\,559$  kr).

### 5.4. Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Satsane er 1 375 kroner per ammeku for foretak med 6 til 39 ammekyr, rekna frå første ammeku, og 55 000 kroner per foretak for foretak med 40 eller fleire ammekyr.

<sup>6</sup> Gjeld kommunane Sandes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

## 5.5. Areal- og kulturlandskapstilskot

Satsen for kulturlandskapstilskot er lik for alt areal uavhengig av sone. Satsen er 191 kr per dekar.

**Tabell 7. Satsar arealtilskot**

Vekstgruppe	Dekar	Sone 1	Sone 2	Sone 3	Sone 4	Sone 5	Sone 6	Sone 7
<i>Grovfôr</i>	<i>0-250</i>	90	0	124	124	233	261	291
<i>Grovfôr</i>	<i>Over 250</i>	65	0	75	75	75	75	291
<i>Korn</i>	<i>0-800</i>	123	175	175	246	246	246	246
<i>Korn</i>	<i>Over 800</i>	102	152	152	221	221	221	221
<i>Potet</i>	<i>Alt areal</i>	65	65	65	65	65	915	915
<i>Grønnsaker</i>	<i>0-80</i>	550	550	550	550	550	1650	1650
<i>Frukt</i>	<i>0-40</i>	1000	1000	1000	1000	1 450	1 450	1 450
<i>Bær</i>	<i>0-40</i>	1000	1000	1000	1000	1 450	1 450	1 450

Merk at den maskinelle avgrensinga av grovfôrareal i enkelte høve er noko streng. Føretak som driv mjølkeproduksjon i samdrift kan få areal- og kulturlandskapstilskot for grovfôrareal som vert beita av samdrifta sine dyr (søknad merka med kode 31). Ved den maskinelle utrekninga av tilskot vert det utrekna tilskot for innmarksbeiteareal (kode 212 i søknad). I enkelte høve vert anna grovfôrareal (kode 210 eller 211 i søknad) avgrensa, fordi det ikkje er seld så mykje fôr at søkjaren har rett på tilskot for heile arealet. Om anna grovfôrareal er nytta som beite for samdrifta sine dyr, har søkjaren òg rett på tilskot for dette arealet, sjølv om dei maskinelle rutinane ikkje får dette med i utrekninga av tilskot. Dette må då skje ved ei manuell handsaming etter hovudutbetalinga.

Arealtilskotet vert rekna ut etter den sona arealet er i. For grovfôr, korn, grønnsaker, frukt og bær er det ulik sats etter kor stort areal føretaket har av veksten. Tilskot vert rekna ut etter kor stor del av arealet av aktuell vekst som er i kvar sone.



## 5.6. Tilskot til økologisk landbruk

Tabell 8. Tilskot til økologisk landbruk

Vekstgruppe/dyreslag	Omleggings- tilskot (kr pr. daa per år)	Arealtilskot (kr pr. daa per år)	Økologisk husdyrproduksjon <sup>17</sup> AK-sone 1-4 (kr pr. dyr)	Økologisk husdyrproduksjon <sup>7</sup> AK-sone 5-7 (kr pr. dyr)
<i>Grønnsaker, frukt og bær (862)</i>	250	1000		
<i>Poteter (861)</i>	250	500		
<i>Korn til modning og krossing (855)</i>	250	300		
<i>Ekstra arealtilskot, kornkampanje 2011 og 2012 (855)<sup>8</sup></i>		100		
<i>Grøngjødsling (851-852)<sup>9</sup></i>	250	500		
<i>Innmarksbeite (871)<sup>10</sup></i>	0	25		
<i>Anna areal som vert dyrka økologisk (870)</i>	250	25		
<i>Mjølkekyr (801)</i>			1 200	1 351
<i>Ammekyr (802)</i>			759	984
<i>Andre storfe (803)</i>			201	282
<i>Mjølkegeiter (810)</i>			81	93
<i>Avlsgrisar (830)</i>			201	201

For å medverke til rask omlegging og auke produksjonen av økologisk korn, vart det etablert ein tidsavgrensa kampanje i 2010 og 2011 (med utbetaling i 2011 og 2012). I samband med kampanjen vert det gjeve eit tilskot på inntil 100 kr per daa utover ordinære tilskot. Kampanjen er utvida for vekstsesongen 2012 med utbetaling i 2013. Utvidinga gjeld for føretak som ikkje har fått utbetalt kampanjetilskotet for begge dei to føregåande vekstsesongane (2010 og 2011). Satsen på økologisk korn kode 855 er på dette grunnlaget auka med 100 kr til 400 kr.

Du finn nærare omtale av dei økologiske produksjonstilskotsordningane i jordbruksavtala kapittel 7.10, og i rundskriv 22/12 kapitla 5.2 og 7.7 og rundskriv 23/12 kapitla 5.4.6 og 13.3.

<sup>7</sup> Tilskotet vert gjeve frå og med første søknadsomgangen etter at omlegging starta

<sup>8</sup> Vekstsesongen 2012 med utbetaling i 2013. Gjeld berre føretak som ikkje har fått utbetalt det ekstra tilskotet for begge dei to føregåande vekstsesongane (2010 og 2011)

<sup>9</sup> Arealtilskot for inntil 50 % av areal til korn, potet, grønnsaker, frukt og bær. I tillegg vert det gjeve 191 kr/daa i kulturlandskapstilskot for økologiske grøngjødslingsareal, slik at samla tilskot til grøngjødslingsareal er 691 kr/daa

<sup>10</sup> Arealet skal normerast med faktor 0,6

## 5.7. Kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i «Friskare Geiter»

Deltakarar i prosjektet «Friskare geiter» får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerer på teljedatoen. Føretaka kan få vederlag for tap av produksjonstilskot, og det er Fylkesmannen som fattar vedtak og betaler ut dette etter nærare reglar. Meir informasjon om utbetalinga kjem i eige brev til Fylkesmannen i dei aktuelle fylka.

## 5.8. Rapportar i samband med utbetalinga

I ROB, tilgjengelig via Wespa, finn du rapportar som er til hjelp ved utbetalinga. Desse rapportane kan vere av ekstra stor interesse:

PT-1001C, Feilliste tredje inputkontroll  
PT-5040, Utbetalinger produksjonstilskudd  
PT-1003, Søknader som er stoppet  
PT-2200, Tilskuddsbrev, stoppede søkere  
PT-2230, Kopi av tilskuddsbrev til kommunen  
PT-4100A, Grunnlag for avkorting  
PT-4100B, Søkere med avkorting

## 6. Botnfrådrag og reduksjonar i tilskot

Kommunane og fylkesmennene må sjå til at tilskotet vert riktig redusert der det skjer utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar). Sjå også teknisk jordbruksavtale 2012-2013, kapittel 7.1.2 og rundskriv 22/12 kapittel 9.2.3.

### 6.1. Botnfrådrag

For alle søkjarar om produksjonstilskot er det eit botnfrådrag på 3000 kr per avtaleår. Botnfrådraget vert så langt det er mogleg trekt i samband med søknadsomgangen 20. august.

### 6.2. Manglande eller mangelfull miljøplan

Føretak som ikkje har miljøplan får tilskotet redusert slik:

**Tabell 9. Trekk på grunn av mangelfull miljøplan**

Areal daa	Trekk
≤ 250	8 000
251 - 500	12 000
> 500	18 000

Dersom føretak manglar miljøplan og har husdyrproduksjon med eit omfang som krev større spreieareal enn det arealet føretaket disponerer, skal avgrensing av produksjonstilskotet skje på grunnlag av det arealet som er naudsynt som spreieareal. Søknader med lite areal i høve til dyr, er merka med varselkode 306 i inputkontrollen (sjå rapport PT-1001C). Lista PT-1040 syner alle føretak som ikkje har miljøplan og kva beløp som er utrekna som trekk, jf. forskrift om miljøplan.

### 6.3. For seint levert søknad

Om søknaden vart levert etter fristen, vert tilskotet redusert med kr 1000 per virkedag frå og med 21. august. Søknader som vart levert 21. september eller seinare skal avvisast, med mindre føretaket har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

### 6.4. Pilotprosjektet for bruk av Husdyrregisteret ved utmåling av tilskot

Føretak som er med i pilotprosjektet der data frå søknaden om produksjonstilskot blir samanlikna med Husdyrregisteret, får kr 500 i trekk i tilskotet per storfe dei har i avvik mellom søknaden om produksjonstilskot og Husdyrregisteret.

## 7. Trekk i utbetalingar

Føretak med trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller erstatning, får dette spesifisert på tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister på FM-sambandet, som syner kven dette gjeld. Fylkesmannen må undersøkje desse listene dersom han skal utbetale tilskot manuelt etter klage eller feil. Der eit føretak har heftingar i form av til dømes motrekning og utlegg, må Fylkesmannen leggje dette inn i Fagsystemet for manuell utbetaling, jf. rettleiinga. Sjå listene PT880, PT883 og PT886.

#### *PT880 Gjenstående trekk SLF/skjema*

Desse trekk vert overførte automatisk til neste søknadsomgang.

#### *PT883 Innmelde trekk*

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling, og som er registrert med trekk.

#### *PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg*

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attstående trekk av moms/skatt/utlegg. Lista viser også slike søknader, som framleis ikkje er ferdig handsama. Attstående trekk skal effektuerast i manuelle utbetalingar i inneverande periode, men vert ikkje overførte til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot: krav kan ikkje oppstå før søknadsfrist, og søknad må vere levert til kommunen.

*Fylkesmannen må melde frå til Statens landbruksforvaltning, dersom attstående eigne trekk (sjå listene PT-880 og PT-883) skal slettast eller reduserast. Dette for at attstående trekk skal vere oppdatert før neste utbetaling.*

## 8. Handsaming av søknad frå føretak som også har søkt om tilskot til regionalt miljøprogram

Det vert gjennomført trekk i utbetalingar etter regionale miljøprogram. Føretak med trekk, som har søkt om både produksjonstilskot og regionalt miljøprogram, skal handsamast særskilt av både SLF og Fylkesmannen. SLF trekjer automatisk i tilskotet til regionalt miljøprogram, viss det er att trekk på føretaket etter at heile produksjonstilskotet er trekt. Difor må Fylkesmannen vente med å handsame klagesaker og manuelle utbetalingar i produksjonstilskot, der det står att trekk og føretaket skal få utbetalt tilskot etter regionalt miljøprogram, til etter at RMP-tilskotet er utbetalt. Dette for å hindre at søkjarane får dobbelt trekk. Det vert ikkje gjennomført trekk i manuelle utbetalingar for regionale miljøprogram.

Føretaka som skal ha trekk i tilskot etter regionale miljøprogram, vert lista ut på ei eiga oversikt, RMP-trekk. Sjå også rundskriv 37/11 «Utbetaling av tilskudd etter regionale miljøprogram, RMP 2012».

Med helsing  
for Statens landbruksforvaltning

Håvard Gulliksen  
seksjonssjef

Ylva Freed  
rådgjevar